

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**  
**Møtested:** E-postbehandling  
**Dato:** 26.08.2013  
**Tidspunkt:**

---

Saksframlegg utsendt på e-post til AU-medlemmene 26.08.13, med spørsmål om tilbakemelding.

Kari Sveen



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 12/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Drift av rutebåten på Gjende - behov for ekstraturar 2013		2013/434

Arkivsaksnr: 2013/434-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 20.08.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	12/2013	26.08.2013

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Drift av rutebåten på Gjende - behov for ekstraturar 2013

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48 blir talet på ekstraturar til Gjendebu for sesongen 2013 utvida frå 5 til 6 turar. For vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova blir det vist til sak 4/2013 i nasjonalparkstyret.

### Saksopplysningar

Dispensasjon for drift av Gjendebåtane for perioden 2013- vart behandla av nasjonalparkstyret i møte 15. februar. Som eit supplement til rutekjøringa vart det gjeve slik løyve til eit avgrensa tal ekstraturar:

*Det blir med heimel i naturmangfaldlovas § 48 gjeve løyve til*

- å setja opp inntil 5 ekstraturar til Gjendebu etter behov i løpet av sommaren. Kvar tur må varslast til nasjonalparkforvaltar og fjelloppsyn/SNO via e-post eller SMS i forkant av transporten.

- Det er ikkje høve til bestilling av ekstrabåt frå brygga (taxibåtverksemd).

*Rapportering om avgangar, passasjertal, ekstrabåt og evt. rundturar skal skje årleg til forvaltningsstyresmakta.*

Nasjonalparkforvaltar fekk ved telefon 15. august førespurnad frå Harald Rune Øvstedal om ein ekstra tur pga ein uføresett situasjon med ei gruppe på 14 gjester i Gjendebu som måtte tilbake til Gjendesheim tidlegare enn etter den ordinære ruta. Det vart semje om å bruke ein av dei innvilga ekstraturane til dette føremålet, men alle 5 ekstraturane var disponert til bestilte grupper seinare i sesongen. Det er såleis behov for ein ekstratur i tillegg til den faste kvoten

som står til disposisjon for kvar sesong, og slik søknad om tilleggstur er sendt over ved e-post 15. august:

*«Viser til tlf samtale nå nettopp ang ekstraløyve til Gjendebu. Jeg har satt opp båt inn kl.1830 i morgen og har i tillegg båt kl.1425, da er min kvote på 2 turer pr dag brukt opp. Har i tillegg en ekstrakvote på 5 turer dere det skal varsles min 2 dager før tur. Gruppen som kom til Gjendebu nå i 17 tida trodde det gikk morgenbåt fra Gjendebu i morgen, de har sett feil på tidtabellen. 10 stk av de har flybilletter til forskjellige plasser i verden fra Gardermoem i morgen ettermiddag. De var da meget fortvilet og lurte på muligheten for en ekstrabåt, etter avtale med deg nå sender jeg denne eposten. - - - - Jeg har tidligere varslet om 1 tur den 24. juli- den 28.8 skal jeg til Gjendebu med 40 stk kl.1600, den 1.9 skal jeg til Gjendebu med 60 stk kl.1130. Den 13.9 må jeg inn med 2 båter for å hente en skoleklasse på Gjendebu på 120 stk. Det er da mine 5 turer i henhold til løyve»*

## **Vurdering**

Det hadde her oppstått ein uføresett situasjon med ei større gruppe som hadde stort behov for transport, men dei hadde samstundes respekt for at det ikkje var høve til bestilling av «taxi»-tur. For vurdering i høve til naturmangfaldlova vert det vist til sak 4/2013.